



ØYGARDEN KOMMUNE

DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR

jf plan- og bygningslova (pbl) § 12-7.

NATURGASSPARKEN

Saksnr. 084/18

Nasjonal arealplan-ID 1259_20150002

Vedtøken 12.12.2018

Sist revidert 11.07.24

Reguleringsendringar

Saksnr.	Endringsnr.	Vedtøken	Sist revidert
20/16292	1	01.02.21	30.12.2020
23/18175	2		11.07.2024

§ 1

INTENSJONAR I PLANEN

Intensjonen med planendringa for Naturgassparken er å leggja til rette for større og meir samanhengande industriareal enn det som den gamle planen legg opp til, i samsvar med dagens krav til slik type område. Det er viktig å kunna senka og utplanera store flater og kunna fylla massar ut i sjø, med tanke på større industrietableringar.

Reguleringsplanen legg til rette for etablering av den landbaserte delen av eit CO₂-lagringsanlegg. Som ledd i Pariskonvensjonen om reduksjon av klimagassutslepp, er det planar for lagring av CO₂ under havbotnen på Smeaheia mellom Trollfeltet og Øygarden, med tilhøyrande røyrledning og landanlegg i Kollsnes næringspark.

Planen skal også leggja til rette for at dagens produksjon av naturgass/LNG og hydrogen kan aukast, og at gassbasert aktivitet kan etablerast, som t. d. produksjon av biogass.

Det er i tillegg ein intensjon i planen å leggja til rette for kommersiell nytte av masseuttak som eige tiltak, og i samband med utplanering av industriareal.

§ 2

FELLESFØRESEGNER

(pbl § 12-7)

2.1 Situasjonsplan ved søknad om tiltak

Ved søknad om tiltak innanfor planområdet skal det utarbeidast situasjonsplan og tilhøyrande snitt i

målestokk 1:200, og 3D-illustrasjonar av utbygging og terrengpåverknad. Situasjonsplanen skal visa

- Tomtegrense for aktuelt tiltak
- Plan for massehandtering/planeringshøgde, skjeringar, fyllingar, murar og gjerde
- Plan for utfylling og utbygging i sjø
- Plan for varemottak og levering, tilkomst, parkering og gang/sykkel-og køyretrafikk innanfor tomte
- Plassering, høgder og utforming av bygg og installasjonar
- Plan for vegetasjon, utplanting
- Evt. utvendig lagring og inngjerding
- Belysning
- Kjeldesortering og bosshenting
- Handsaming og fallretning for overflatevatn og flaumvegar

Jf. også § 2.5

2.2 Overvatn

- 2.2.1 Overvatn skal handterast innanfor planområdet med lokal infiltrasjon og open fordrøyning.
- 2.2.2 Ved søknad om tiltak skal det gjerast greie for infiltrasjon, drenasjevatn og overvatn frå tak og tette flater.
- 2.2.3 Det skal vurderast bruk av ikkje-tette overflatedekke i staden for asfalt.
- 2.2.4 Utbygginga skal ikkje medføre auka avrenningsintensitet eller auka forureining på eksisterande system og resipient i høve til dagens situasjon. Dette gjeld både i anleggsfasen og etter at tiltak er ferdigstilt.

2.3 VA-rammeplan

VA-rammeplan datert 26.10.2017 skal vera retningsgjevande for tiltak innanfor planområdet. Det skal dokumenterast korleis nye tiltak skal koblast på hovudsysteemet.

2.4 Arkitektur, estetikk og kvalitet

Bygningsmessige tiltak innanfor planområdet skal utformast og plasserast slik at det vert ein god funksjonell heilskap internt på tomte og i forhold til dei næraste omgjevnadane.

2.5 Landskap og terreng

- 2.5.1 Ved søknad om tiltak skal det planleggjast og gjennomførast avbøtande tiltak for å dempa verknadane av store terrenginngrep. Jf. også § 2.1.
- 2.5.2 Ved skjeringar over 15 m skal det gjennomførast tiltak i form av vegetasjon og/eller skråningar, avtrappingar og murar i forkant, for å dempa inntrykket av høgde.
- 2.5.3 Alle skjeringar skal sikrast med gjerde.
- 2.5.4 Der strandlinja ikkje skal opparbeidast til kai/hamn, skal det plastrast med stadeigen stein.

- 2.6 Universell utforming/tilgjenge**
Ved søknad om tiltak skal prinsippet om universell utforming og tilgjenge leggjast til grunn i størst mogleg grad.
- 2.7 Tilrettelegging for bosshandtering**
Bosshandtering skal løysast innanfor kvar enkelt tomt.
- 2.8 Forureining**
Ved søknad om tiltak skal mogleg forureining dokumenterast og det skal setjast i verk nødvendige tiltak i forhold til gjeldande regelverk.
- 2.9 Støy**
Ved søknad om tiltak skal det utarbeidast dokumentasjon av støyforholda. Støy skal ikkje overstiga grensene i gjeldande regelverk. Støyutgreiing datert 19.10.2017 skal vera retningsgjevande for tiltak innanfor planområdet.
- 2.10 Byggjegranser**
Nye tiltak skal ikkje koma i konflikt med regulerte byggjegranser.
- 2.11 Byggjehøgder**
2.11.1 Bygg og installasjonar skal ikkje overstiga maks. byggjehøgder/mønehøgder vist i plankartet.
2.11.2 Alle viste høgder (BH) er rekna frå planert terreng.
- 2.12 Planeringshøgder**
2.12.1 Det skal ikkje planerast til lågare nivå enn planeringshøgder (PH) vist i plankartet.
- 2.13 Grad av utnytting**
2.13.1 Grad av utnytting skal ikkje overstiga maks. utnytting vist i plankartet.
- 2.14 Energibruk**
Ved søknad om tiltak skal det oppmodast til at energi frå sjøvatn skal inngå i energibruken for tiltaket.
- 2.15 Landstrøm**
Ved etablering av kaianlegg skal det vurderast moglegheiter for landstrøm.

§ 3

REKKJEFØLGJEKRAV

- 3.1 Før det kan gjevast igangsettingsløyve til opparbeiding av nytt kryss på fv 561, skal byggeplan for tiltaket vera godkjent av Statens vegvesen.
- 3.2 Følgjande tiltak skal vera ferdigstilt før det kan gjevast igangsettingsløyve for tiltak innanfor planområdet:
- Høgresvingefelt som regulert, frå sør på fv 561

- Opparbeiding av heile kryssområdet
- 3.3 Følgjande tiltak skal vera ferdigstilt før det kan gjevast igangsettingsløyve for oppføring av bygg innanfor BKB1 og BKB2:
- Planfri kryssing for mjuke trafikantar under o_SKV01 (fv 561) som vist i plankart
 - Oppgradering av busslommene o_SKH1 og o_SKH2 langs fv 561, med tilpasning til krav for nye bussar, universell utforming og venteskur
- 3.4 Før det kan gjevast midlertidig bruksløyve for eit formålsområde eller tomt, skal regulert veg og fortau vera ferdigstilt fram til SKV02.
- Samanhengande fortau for SKV02 skal inkluderast som rekkjefølgjekrav til BKB1 og BKB2.
- 3.5 I samband med veg- og byggjetiltak innanfor planområdet, skal det vurderast infrastruktur og løysingar for å kunna nytta sjøvarme som del av energiforsyninga i planområdet. Overordna energiplan datert 17.11.2017 skal vera retningsgjevande.
- 3.6 Følgjande tiltak skal vera ferdigstilt før det kan gjevast midlertidig bruksløyve innanfor BKB1 og BI07:
- Rundkøyringa på o_SKV02 inkludert tilhøyrande del av fortau o_SF og annan veggrunn o_SVG og o_SVT
- 3.7 Før det kan gjevast igangsettingsløyve til bygging, graving og utfylling i sjø og andre tiltak som kan påverka tryggleiken eller tilkomst i sjøområdet, skal Bergen og Omland Havnevesen ha gjeve løyve til tiltaket.
- 3.8 Ved etablering av høge konstruksjonar, som skorsteinar, master, tankar, fabrikanlegg, kranar etc., skal Luftfartstilsynet kontaktast i høve til rapportering, registrering og merking/sikring.
- Tiltakshavar skal informera Avinor før igangsetting av drift på nye anlegg.
- 3.9 **Kulturminne**
3.9.1 Før iverksetjing av tiltak knytt til realisering av BI01 og tiltak utover eksisterande planert areal i BI03, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 94832, som er merka som område for føresegn #1.
3.9.2 Før iverksetjing av tiltak knytt til realisering av BKB1, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 108942, som er merka som område for føresegn #3.

- 3.9.3 Før iverksetjing av tiltak knytt til realisering av BKB1, f_SKV03, SVT og SF, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet id 108943, som er merka som område for føresegn #2. Rekkjefølgjekravet slår inn ved det arealføremålet som skal realiserast først.
- 3.9.4 Før iverksetjing av tiltak knytt til realisering av BI07, f_SKV10, f_SKV11, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna id 94815, 94816, 94818, 94819, 94821 og 94833, som er merka som område for føresegn f.o.m. #4 t.o.m. #9. Rekkjefølgjekravet slår inn ved det arealføremålet som skal realiserast først.
- 3.9.5 Tiltakshavar skal ta kontakt med Hordaland fylkeskommune i god tid før tiltak i dei aktuelle områda skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske utgravinga kan bli fastsett for dei kulturminna som skal gravaast ut i dei respektive områda.

§ 4 EIGARFORM

4.1 Offentlege arealformål

- 4.1.1 Følgjande areal skal vere offentlege:
- o_BAT er brannstasjon
 - o_BFL er forsamlingslokale
 - o_BE1 er energisentral
 - o_BE2 er energianlegg
 - o_S er samferdselsanlegg; trafikkareal
 - o_SKV01 og o_SKV02 er køyrevegar
 - o_SV1 er veg
 - o_SF er fortau
 - o_SGS er gang- og sykkelveg
 - o_SVT er annan veggrunn – tekniske anlegg
 - o_SVG er annan veggrunn – grøntareal
 - o_SK1 er kai
 - o_SKH er busshaldeplass
 - o_VHS er hamneområde i sjø
 - o_VFV1 – o_VFV05 er friluftsområde i sjø

4.2 Felles arealformål

- 4.2.1 Eigartilhøve felles areal:
- f_SKV03 er køyreveg for tiltak innanfor område BKB1
 - f_SKV04 er køyreveg for områda BOP og f_SPP2 og BI01.
 - f_SKV05 er køyreveg for tiltak innanfor område BI01.
 - f_SKV06 er køyreveg for områda BI01 – BI03 og SK2.
 - f_SKV07 er køyreveg for tiltak innanfor område BI01.
 - f_SKV08 er køyreveg for tiltak innanfor områda BI05.
 - f_SKV09 er køyreveg for område BI04 og BI06.

- f_SKV10 er køyreveg for tiltak innanfor områda BAS, BI07 og o_BE2.
- f_SKV11 er køyreveg for tiltak innanfor område BI07.
- f_SV2 er veg for tiltak innanfor områda BN og VS og VHS2
- f_SV6 er veg for BI08, BV og tiltak innanfor område BKB1.
- f_SF er fortau for tilhøyrande vegstrekning.
- f_SVT er annan veggrunn – tekniske anlegg [for tilhøyrande vegstrekning.
- f_SVG er annan veggrunn – grøntareal for tilhøyrande vegstrekning.
- f_SPP2 er parkeringsplass for områda BI01 – BI07.
- f_SPP3 er parkeringsplass for brukarar av område LF4.

§ 5 BYGG OG ANLEGG

(pbl § 12-5 nr.1)

5.1 Offentleg eller privat tenesteyting - Visningssenter, BOP

- 5.1.1 Innanfor området kan det etablerast eit visningssenter for besøkjande, med informasjon om næringsparken generelt, ev. CO₂-anlegg etc.
- 5.1.2 Senteret skal ha høg kvalitet i utforming og materialbruk innvendig og utomhus, og i bruk av informasjonsteknologi og presentasjonsteknikkar.
- 5.1.3 Ved søknad om tiltak skal det utarbeidast ein detaljert situasjonsplan, med utomhus opparbeiding, som murar, møblering, utplanting, belysning osb. Lista er ikkje uttømande. Jf. også § 2..1
- 5.1.4 Ved etablering av tilkomst til senteret kan f_SKV04 justerast eller endrast.

5.2 Offentleg eller privat tenesteyting - Forsamlingslokale, o_BFL

Området skal brukast til forsamlingslokale for mc-klubb, i tråd med eksisterande situasjon.

5.3 Anna offentleg eller privat tenesteyting - Brannstasjon, o_BAT

Området skal brukast til brannstasjon, i tråd med eksisterande situasjon.

5.4 Næringsbygningar, BN

- 5.4.1 Området skal brukast til lettare næringsføremål og tiltak i samband med småbåthamn VS og hamneområde i sjø VHS2
- 5.4.2 Innanfor området er det tillate å etablere 12 parkeringsplassar for brukarar av småbåthamna og beredsskapshamna.
- 5.4.3 Det skal ikkje gjennomførast anleggsarbeid som til dømes grave- og sprengingsarbeid i hekkeperiode for fuglar av nasjonal forvaltningsinteresse, inkludert raudlista artar og ansvarsartar. Dette gjeld sjølv om det ikkje er registrert hekkande fugl

- 5.4.4 innanfor influensområdet.
Utfylling i sjø skal sikrast god visuell kvalitet ved bruk av mur i naturstein på det som vert synleg front ved fjære sjø.
- 5.5 Industri, BI**
- 5.5.1 Områda skal brukast til industriformål.
- 5.5.2 Områda kan delast inn i mindre tomter ved søknad om tiltak.
- 5.5.3 Område BI01 kan planerast ned i samband med masseuttak av stein for kommersiell bruk, og i samband med tilrettelegging av industritomter.
- 5.5.4 I samband med masseuttak skal det søkjast om driftskonsesjon, jf. minerallova.
- 5.5.5 Ved utfylling i sjø i samband med tilrettelegging av område BI02 skal det vurderast behov for avbøtande tiltak, for å unngå skade på fisk i akvakulturanlegg utanfor planområdet nord i Ljøsøysundet, og for å unngå spreining av evt forureining på botnen.
- 5.5.6 Områda BI01 og BI02 kan maks. planerast ned til k +3.
- 5.5.7 Områda BI04 og BI07 kan maks. planerast ned til kote k +15.
- 5.5.8 Område BI03 skal brukast til oppdrettsanlegg i samsvar med eksisterande situasjon.
- 5.5.9 Område BI05 skal brukast til LNG-anlegg m. m., i samsvar med eksisterande situasjon.
- 5.5.10 Område BI02 kan brukast til etablering av landdelen av eit CO₂-lagringsanlegg, med tilhøyrande rørsystem og tankanlegg. Rørledning på land frå anlegg til overgang mot sjø skal så langt som mogleg planleggjast og etablerast i samband med annan infrastruktur innanfor planområdet.
- 5.5.11 Område BI06 skal brukast til infrastruktur for industri i samsvar med eksisterande situasjon.
- 5.5.12 Område BI08 skal brukast til verkstad i samsvar med eksisterande situasjon.
- 5.6 Vegserviceanlegg, BV**
- 5.6.1 Føremålet er avsett i samsvar med eksisterande bruk. Området skal brukast til drivstoffanlegg for tungtrafikken til og frå planområdet.
- 5.4.2 Ved avvikling av drivstoffanlegget skal området omregulerast til kombinert formål Forretning/lager.
- 5.7 Andre typar bygningar og anlegg, o_BAB**
Innanfor området kan det etablerast
- Pumpehus
 - Vatn- og avlaupsanlegg
 - Fjernvarmeanlegg for sjøvatt
- 5.8 Energianlegg, o_BE**
o_BE er avsett som areal for energianlegg.
- 5.9 Massedeponi, BAS**
Innanfor området kan det mellomlagrast jordmassar i samband med vegframføring og etablering av tiltak i planområdet.

5.10 Kombinert byggje- og anleggsføremål - Industri/Lager, BKB

- 5.10.1 Innanfor områda BKB1 og BKB2 kan det etablerast lettare industri-, handverks- og lagerverksemder. Det er ikkje tillate med forretning, kontor eller tenesteytande verksemder innanfor områda.

§ 6

**SAMFERDSELSANLEGG OG
TEKNISK INFRASTRUKTUR**

(pbl § 12-5 nr. 2)

6.1 Veg, SV

- 6.1.1 Vegane o_SV1, f_SV2, SV4, SV5 og f_SV6 viser eksisterande vegar.
- 6.1.2 Veg f_SV6 skal oppgraderast som tilkomst til BI08, BKB1 og BV.

6.2 Køyreveg, SKV

- 6.2.1 Køyrevegane o_SKV01, o_SKV02, f_SKV06, f_SKV08 og f_SKV09 er eksisterande vegar som skal oppgraderast.
- 6.2.2 For rundkøyringa i o_SKV02 skal rabattar og midtparti utførast i plan med vegbanen.
- 6.2.3 Køyrevegane f_SKV03 – 05, f_SKV07 og f_SKV10-11 er nye vegar som skal etablerast.

6.3 Restriksjon på tilkomst til området.

På veg o_SKV02 (Ljøsøyvegen) kan det etablerast bom med tilhøyrande vaktbygg langs veg.

6.4 Fortau SF

Fortau skal etablerast som vist i plankartet.

6.5 Gang / sykkelveg o_SGS

- 6.5.1 o_SGS1 viser eksisterande gang / sykkelveg.
- 6.5.2 o_SGS2 og o_SGS3 er ny gang / sykkelveg som kryssar under o_SKV01 (fv 561)

6.6 Annan veggrunn, SVT

- 6.6.1 Føremåla skal etablerast ved oppgradering / bygging av tilhøyrande vegstrekningar.
- 6.6.2 Sideområde o_SVT aust for offentleg veggrunn o_SKV01 er underlagt eigne krav frå Statens vegvesen, og tiltak i området skal avklarast med vegvesenet.

6.7 Annan veggrunn, SVG

Føremåla skal etablerast ved bygging av tilhøyrande samferdselsanlegg.

6.8 Kai, SK

- 6.8.1 o_SK1 er kai til varetransport for heile planområdet. Bruk av kaiområdet skal tilpassast ISPS- godkjenninga som kaien har (ISPS-code – International Ship and Port Facility Security Code)

Det kan etablerast pumpehus innanfor området

Kaien kan ikkje brukast til handsaming eller transport av risiko-last.

- 6.8.2 SK2 kan brukast som ilandføringsområde for CO₂- anlegg i område BI02. Det kan etablerast nødvendig infrastruktur, installasjonar og bygg innanfor kaiområdet i samband med dette anlegget.
- 6.9 Kollektivhaldeplass – Busslommer, o_SKH**
Busslommene o_SKH1 og o_SKH2 er eksisterande lommer langs fv 561.
- 6.10 Parkeringsplassar, SPP**
6.10.1 f_SPP2 skal vera felles parkering for områda BI01 – BI07. Det skal etablerast min. 100 p-plassar.

§ 7 GRØNSTRUKTUR

(pbl § 12-5 nr. 3)

- 7.1 Grøntstruktur, G**
7.1.1 Område G1 skal sikra grøntkorridor langs sjø.
7.1.2 Område G2 skal sikra grøntstrukturen rundt Hellevatnet.
7.1.3 Vanleg skjøtsel er tillate innanfor områda. Vegetasjon skal i størst mogleg grad bevarast.

§ 8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL

(pbl § 12-5 nr. 5)

- 8.1 Friluftsføremål, LF**
8.1.1 Vanleg skjøtsel er tillate innanfor områda. Vegetasjon skal i støst mogleg grad bevarast.
8.1.2 Ved skjøtsel innanfor områda LF1 og LF4 skal kulturminnestyresmakt kontaktast før igangsetting av arbeidet.

§ 9 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE

(pbl § 12-5 nr. 6)

- 9.1** Alle tiltak i sjø innanfor planområdet krev løyve etter hamne- og farvasslova og skal handsamast av Bergen og Omland Hamnevesen.
- 9.2 Hamneområde i sjø, VHS**
9.2.1 o_VHS1 - området skal nyttast til skipsanlaup og annan hamneaktivitet for tilhøyrande kaiar og industriområde på land.
9.2.2 VHS2 – området skal nyttast til beredskapshamn for akvakulturverksemd i området. Innanfor området er det tillate med utlegging av flytebrygge inntil 60m lengde. Flytebrygge skal være dimensjonert og utforma i høve til relevante brukarkrav. Ved søknad om tiltak skal ansvarleg føretak utarbeide situasjonsplan basert på berekningar som syner trygg plassering av flytebrygge med ankerfeste.

- 9.3 Småbåthamn, VS**
9.3.1 Det kan etablerast maks. 20 båtplassar innanfor området. Jf. også § 6.9.1.
9.3.2 Forankringar og fortøyningar skal ikkje vera til hinder for anna båttrafikk.
9.3.3 Ved søknad om tiltak skal det utarbeidast ein situasjonsplan som viser tal på båtplassar og ankerfeste.

- 9.4 Friluftsområde i sjø og vassdrag, VFV**
9.4.1 Det er tillate med restriksjonar på bruk av områda, for å sikra drift og tryggleik for industritiltaka i planområdet.
9.4.2 Innanfor VFV07 er det lagt til rette for å bruke vatn til kjølevatn i samband med CO₂-anlegget og produksjon av biogass og hydrogen. Planar om uttak av vatn og endring av vasstand må sendast til NVE for ei vurdering etter vassressurslova.
9.4.3 Innanfor VF03 er det tillate med forankringar for flytebrygger. Forankringar skal avklarast ved søknad om byggeløyve, innmålast og merkast tydeleg på kart.

- 9.5 Farled, FA**
9.5.1 Areal avsett i høve til Kystverket si fastsette arealavgrensing for biled i området.
9.5.2 Innanfor området er det tillate med forankringar for flytebrygger. Forankringar skal avklarast ved søknad om byggeløyve, innmålast og merkast tydeleg på kart.

§ 10 OMSYNSSONER

(pbl § 12-6, jf. § 11-8)

- 10.1 Sikringsone** (pbl § 11-8 a)
Innanfor frisiktsoner H140 skal avkøyrslar ha ei fri sikt på 0,5 meter over plan på tilgrensande veg.
- 10.2 Faresone** (pbl § 11-8 a)
10.2.1 Brann- og eksplosjonsfare, H350
Sone H350_1, H350_2, H350_3 og H_350_4 er avsett langs gassrørledning på land. Det er byggjeforbod innanfor sonene.

Sone H350_5 er ei kombinasjonssone for gassrørledning på land og høgtrykks gassområde. Det er byggjeforbod innanfor sona. Det skal ikkje etablerast stader innanfor sona der mange menneske oppheld seg.

Sonene H350_6 er avsett rundt høgtrykks gassområde for tiltak som handsamar denne type gass. Det skal ikkje etablerast stader innanfor sona der mange menneske oppheld seg.
- 10.2.2 Høgspenningsanlegg, H370
Sonene H370_1, H370_3 og H370_4 er avsett for kraftliner i luftstrekk.

H370_2 er avsett for kraftline i jordkabel.

Det er byggjeforbod innanfor sonene, med unntak av etablering av veg f_SKV10 og parkering f_SPP3 innanfor H370_4.

11.3 Føresegnsområde #10 - #12, utfyllingsområde og utbygging i sjø

For områda kan det fyllast og byggjast ut i sjø til vist grense. Der det vert etablert fylling, skal fyllingsfot ikkje gå ut over vist grense.

- 10.2.3 Båndlegging etter andre lover, H740; her energilova Innanfor omsynssona er det byggjeforbod. Alle tiltak i terreng skal godkjennast av ledningseigar.

Ledningseigar skal varslast ved sprengje- og gravearbeid og ved arbeid med anleggsmaskiner nærare enn 30 m frå ledningstraséen.

- 10.3 Sone med angitte særlege omsyn** (pbl § 11-8 c) Sone med særleg omsyn til kulturmiljø H570 Det skal takast omsyn til kulturmiljøet rundt det bandlagde kulturminnet innanfor sona, og det er ikkje tillate med noko form for tiltak.

- 10.4 Bandleggingszone** (pbl § 11-8 d) Bandlegging etter lov om kulturminne, H730 Sone H730_1 er bandlagt etter lov om kulturminne. Det gjeld busetjings- og aktivitetsområde frå stenalderen med Askeladden ID 94874-1. Det er ikkje tillate med noko form for tiltak innanfor sona.

- 10.5 Vidareføring av reguleringsplan** (pbl § 11-8 f) Reguleringsplanane med planID 1259_200600011 og 1259_20080004 skal framleis gjelda innanfor dei viste sonene, med unntak av den viste byggegrensa til sjø. Denne grensa er ei vidareføring av byggegrense frå kommuneplanen (2014) og skal gjelda for dei to planane.

- 10.5.1 Innanfor reguleringsplan ID 1259_20080004 er det tillate med forankringar i sjøbotn for godkjent akvakulturanlegg utanfor planområdet nord i Ljøsøysundet. Nye forankringar for anlegget som går inn i planområdet, kan handsamast etter akvakulturregelverket utan kommunal dispensasjonshandsaming.

§ 11

FØRESEGNSSOMRÅDE

(kartføresegna)

- 11.1 Føresegnsområde #1, kabelområde for vassinntak** Området utgjer areal på land og i sjøbotn, for legging av kablar for vassinntak til områda o_BE1 og BI03.

Eigarane av områda o_BE1 og BI03 skal kontaktast ved søknad om tiltak innanfor føresegnssområdet. Tiltak og bruk innanfor området som kan skada kablane, er ikkje tillate.

- 11.2 Føresegnsområda #1 - #9, automatisk freda kulturminne**

Det er gjeve dispensasjon frå kulturminnelova for desse kulturminna, under føresetnad av at det vert gjort arkeologiske utgravingar av dei råka kulturminna. Jf. § 3.9.